

Høyring: Forslag til forskrift om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr i medhald av lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd

**Fylkesrådmannen rår Hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane Fylkeskommune har ingen merknader til sjølve utkastet til forskrift om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr i medhald av omstillingslova.
- 2 Sogn og Fjordane Fylkeskommune vil peike på at fylkeskommunane må ha tilstrekkelege ressursar til å utføre oppgåvene som følgje av mottekne meldingar og handheving av forskrift om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr i medhald av omstillingslova.
Fylkeskommunen føreset at staten kompenserer for kostnadene dette vil føre med seg.

Prenta vedlegg:

Brev frå Nærings- og handelsdepartementet 31.03.2008 Høyring: Forslag til forskrift om tvangsmulkt i medhald av lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd (omstillingslova)

Brev frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune 07.03.2007. Tiltak ved bedriftsnedlegging - høyring

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Ot.prp. nr. 27 (2007-2008) om lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd (omstillingslova) vart oversendt Stortinget 21. desember 2007. Det er forventa at handlinga i Stortinget vil vere avslutta i løpet av vårsesjonen. Nærings- og handelsdepartementet tek sikte på at lova skal tre i kraft 1. juli 2008.

Departementet føreslår å innføre ei obligatorisk meldeplikt for bedrifter som planlegg nedlegging eller flytting (gjeld ikkje konkurs eller bedrifter med dårleg lønsemd). Det skal vere ei lovfesta plikt for bedrifta å melde frå. Meldinga skal sendast til fylkeskommunen der bedrifta ligg, seinast 30 dagar før ei eventuell nedlegging kan gjennomførast. Fylkeskommunen skal ha ansvar for å etablere ein møteplass for aktuelle aktørar (bedrifta, eigarane, dei tilsette, det offentlege) med sikte på å avklare og finne fram til alternative løysingar til nedlegging. Eventuelt innslagspunkt er ved 30 eller 50 tilsette.

Departementet tilrår at det vert teke inn ein ny paragraf i arbeidsmiljølova som pålegg bedriftseigarane å gå i drøftingar med dei tilsette med sikte på overtaking av verksemda som er planlagt nedlagd. Dermed vil dei tilsette få auka påverknad på prosessen. Dei tilsette vert sikra at dei vert vurderte som mogelege nye eigarar som eit reelt alternativ til nedlegging.

Fylkeskommunen har administrativt gjeve fråsegn til lovframlegget innan høyringsfristen. Denne fråsegna vart lagt fram for Hovudutvalet 21.03.2007. Fråsegna ligg ved.

Høyringa dreiar seg no om framlegg til forskrift om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr i medhald av lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd. Samstundes gir saka fylkeskommunen eit høve til å formulere korleis vi vil arbeide med bedriftsnedleggingssaker som kjem.

2. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Det er grunn til å tru at det vil vere svært få saker der fylkeskommunen må gå inn og illegge tvangsmulkt og lovbrotsgebyr. Såleis er det ikkje her arbeidet vil ligge.

Tidlegare fråsegn

Når det gjeld lova om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd, har fylkeskommunen administrativt gjeve fråsegn innan høyringsfristen. I denne fråsegna påpeikar fylkeskommunen m.a. at det allereie fins omfattande lovgjeving og avtalar som regulerer og utgjør rammeverket for bedriftene og at behovet for nye lover retta mot næringslivet generelt bør vurderast kritisk. Eit omfattande og komplisert lovverk vil kunne føre til redusert dynamikk og effektivitet, samt redusere landet som eit attraktivt investorland.

Når det gjeld økonomiske og administrative konsekvensar, påpeikar fylkeskommunen at ein må ha tilstrekkelege ressursar til å utføre oppgåvene som følgjer av mottekne meldingar. Fylkeskommunen føreset at departementet kompenserer for kostnadene som vil følgje av dette.

Fylkeskommunen må no avklare korleis arbeidet skal løysast når ein nedleggingssituasjon som vert omfatta av lova oppstår. Vi må handtere arbeidet som vert forventa og vi må tenkje igjennom kva rolle vi skal ta og kommunisere dette tydeleg.

Beredskap i høve til meldeplikta.

Her må det etablerast eit "korps" som på kort varsel må gå inn og gjere ein jobb i høve til å sjå på mogeleg vidareføring av verksemda. Fylkesrådmannen føreslår at politisk ansvar vert lagt til HPN og administrativt ansvar til Regionalavdelinga. Samarbeid med Innovasjon Noreg, NAV, LO og NHO vert avtala. Regionalavdelinga avklarar om bedriftsnedlegginga involverer ein eller fleire kommunar og kontaktar straks aktuell(e) kommune (kommunar) om samarbeid, og tek initiativ til møte med den aktuelle bedrifta. "Korpset" må vere etablert og operativt innan 01.08.2008.

Økonomisk medverknad i krisesituasjonar

Når fylkeskommunen vert varsla om nedlegging av ei verksemd, og gruppa som skal sjå på eventuell vidareføring trer saman, ser vi for oss at det lett blir forventningar og krav om økonomisk medverknad frå fylkeskommunen. Her bør vi vere klare på at fylkeskommunen si rolle er å skape ein arena for å finne løysingar, og at det økonomiske fundamentet for vidare drift kviler på eigar og finansinstitusjonar inkludert Innovasjon Norge. I særleg kritiske tilfelle vil fylkeskommunen kunne vurdere omstillingsstatus for ein kommune eller ein region.

3. KONKLUSJON / TILRÅDING

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til sjølve forslaget til forskrift om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr i medhald av lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd.

Fylkeskommunen bør imidlertid også her peike på ressursbehovet som vil følgje forskrifta, og føresetnad om at departementet kompenserer for kostnadene. Ut frå forventningar vi veit vil bli skapt, bør det også peikast på at fylkeskommunen si rolle er å skape ein arena for å finne løysingar, og at det økonomiske fundamentet for vidare drift ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde.